

Hei

Viser til telefonsamtale med Kjell L sist veke, der spørsmålet om hauken kan «sosialiserast» kom opp.

Svar:

Ein må skilje mellom hekking og at ein ser fuglen i meir tettbygde strøk.

Hønsehauken kan finne mat i ein auka bestand av kråke, due, måker og rotter som held til i «urbane» strøk.

Likevel er den vanlegaste og viktigaste at hauken finn mat i skogsområda og myrene i området. Noko ulik adferd for ho- og hannfugl.

Som reirhabitat blir gamalskog foretrukket. Snauhogst / fjerning av skogen nært inntil reirlokalteten ødelegg aktualiteten for reiret. Den bufferen som er satt i skogbruket er den grensa ein har erfart må til for at hønsehauken skal velje å fortsatt bruke reiret. Trur ikkje vi skal utfordre slik grense. Som du sa i telefonen så var det hekking i det eine reiret i fjor.

Da avventar vi alternativsvurderinga frå kommunen.

**Kristin Eide**  
senioringeniør

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**  
Postboks 2520, 6404 Molde  
e-post: [fmmrkrei@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkrei@fylkesmannen.no)  
mob: 47 87 99 29  
tlf: 71 25 84 33

---

**Fra:** Eide, Kristin  
**Sendt:** 22. april 2016 08:29  
**Til:** 'Notøy Svein Rune'  
**Kopi:** Buset, Astrid  
**Emne:** SV: Reguleringsplan Barnebo barnehage - observasjon av hønsehauk

Hei - ang. utviding av Barnebo barnehage

Astrid Buset og eg har vore på synfaring og sett på reiret, jamfør kartet du sende over hit. I tillegg fant vi eit nytt reir retning vegen (berre 30-40 m unna første reirfunnet). Reira er ikkje i bruk denne sesongen. Vi ser at barnehagen er brukarar av skogen i dag, men det kan sjå ut som om dei stort sett går i samla tropp på stisystemet gjennom skogen og til «teltplassen» lenger nord.

Skogen er ein god lokalitet for haukereir. Dagens bruk kan vere ei utfordring, men ikkje nødvendigvis. Hauk har fleire reir dei vekslar å bruke, så neste år kan desse reira vere aktuelle igjen. Med dette som grunnlag må Aukra kommune først vurdere alternative løysingar på barnehageutvidinga som ikkje kjem i konflikt med haukelokaliteten. Vi ser av forslag til ny kommuneplan at barnehageområdet også er utvida nordover. Kan dette vere ei retning?

Reknar med at kommunen allereie har tatt inn i si vurdering at barnehagen brukar skogen som turområde. Dette er svært verdifult tilleggsareal knytta til aktiviteten i ein barnehage. Utviding av barnehagen vil berre forsterke behovet for eit nærturområde for naturopplevingar.

**Kristin Eide**  
senioringeniør

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**  
Postboks 2520, 6404 Molde  
e-post: [fmmrkrei@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkrei@fylkesmannen.no)  
mob: 47 87 99 29  
tlf: 71 25 84 33

---

**Fra:** Notøy Svein Rune [<mailto:Svein.Rune.Notoy@aukra.kommune.no>]  
**Sendt:** 12. april 2016 15:16  
**Til:** Eide, Kristin  
**Emne:** Reguleringsplan Barnebo barnehage - observasjon av hønehauk

Hei Kristin, viser til telefonsamtale i dag 12.04.2016, og sender som avtalt over informasjonen jeg har (kart som viser observert hønehaukreir målt med GPS, koordinater, bilder).

Med helsing

-  
**SVEIN RUNE NOTØY** Arealplanleggar

Telefon direkte 71 17 15 33

Mobil 46 62 25 32

Telefon sentralbord 71 17 15 00

Postadresse Aukraringen 25, 6480 Aukra

[www.aukra.kommune.no](http://www.aukra.kommune.no)



Aukra\_kommune\_LIGG

Email secured by Check Point



**Notat**

**Vår ref.:**  
2015/178-25/L13

**Dykkar ref.:**

**Saksbehandlar:**  
Kjell Lode  
71171560

**Dato:**  
27.04.2016

---

Til:

---

**Telefonsamtale, Alf Ottar Folkestad**

Etter diskusjon med miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal og tilbakemelding derifrå om korleis kommunen skal handtere naboskap med hønehauken og reir vest for Barnebo barnehage, fann ein det rett å søke kunnskap også andre stader. Tilbakemeldinga frå fylkesmannen er å finne i dokumentnr 26, knytt til denne saka. Konklusjonen var at ein ventar på kommunen si alternativsvurdering for plassering av barnehagebygget.

Innleiingsvis er problemstillinga at kommunen skal regulere ei utviding av Barnbo barnehage. Det er ønske om eit nytt bygg som kan romme 4 avdelinger. Det er snakk om å samle all barnehagedrift på Gossen ved Barnebo barnhage. Midlertidig drift i dei gamle skulelokala på Riksfjord skal avviklast. Trafikktryggleiken rundt henting og levering av barn må løysast i planarbeidet. Reguleringsplanen har vore til høyring, og er no klar for eigengodkjenning i kommunestyret. Før saka vart ferdig skriven til kommunestyret, vart plansjefen gjort kjent med at det ca 60 meter vest for noverande barnehagebygg er ei furu med eit hønehaukreir. Hønehauken fekk fram ungar i sesongen 2015. Hauken har hatt tilhald i området i fleire år. Etter melding var mottatt, vart miljøvernavdelinga hos fylkesmannen kontakta for råd. Rådet var å finne alternativ plassering av nybygget. Det bør vere minst 100 meter avstand frå reirtre til menneskeleg aktivitet i rugeperioden, elles er 60 meter avstand tilrådd. Dette er erfaringstal nytta i skogbruket i høve hogst. Det er ikkje hekking i nemnde reir i 2016, konstatert av miljøvernavdelinga under synfaring. Miljøvernavdelinga fann eit reirtre nr 2 ca 30 meter sør for første lokalitet.

Plansjef Kjell Lode snakka med ornitolog Alf Ottar Folkestad på telefon den 27.04.16. Innleiande tema var om større fuglar, som hønehauk, kan tenkjast å tilpasse seg naboskap med menneske og menneskeleg aktivitet – om det kan førekome sosialisering på individnivå for slike fuglar. Kan det tenkast at ei utviding av barnhageområdet om lag 20 meter lenger mot vest kan tålast utan at hønehauken skyr reirplassen?

Folkestad meiner det er grunnlag for å legge vekt på at det har vore sameksistens mellom hauken og barnehagen i fleire år, og at det har vore hekking fleire år. Hauken søker gjerne område der det er god tilgang på mat. Dette finn han på Gossen (t.d. kråke, måker). Kvalitet rundt eit reirtre er skjul i form av skog, men likevel ope nok som landingsplass (difor helst eit furutre), høgde over bakken og (erfart) aktivitet som ikkje blir oppfatta som trugande. Sidan det har vore hekking ved fleire høve

medan barnehagen har vore i området og det elles er bilveg og busetnad i nærleiken, er det reelt å tenke at hauken har valt området med dei «avgrensingane» som finst og funne seg til rette. Sosialisering på individnivå kan forsvarast ut frå observasjonar av ulike fugleartar som tilpassar seg skiftande omgjevnader. Dette gjeld særleg arter som lever lenge og dermed kan gjere seg erfaringar. Døme er: Ørn, gås, trane. I dette spesielle tilfellet med hønehauk, ville det vore interessant å vite kvar det er hekking i år. Dette vil kunne seie noko om territoriet hauken bruker, og om det kan tenkjast at ei flytting frå det aktuelle reirtreet kan kompenseras med nye reirlokalteter. Slik observasjon bør vente til ungar er klekte og har fått tid til å vekse noko.

På spørsmålet om avstand mellom reirtre og nytt barnehagebygg svarer Folkestad at avstand aleine ikkje er nok vurderingsgrunnlag. Ein må også kunne legge vekt på kva aktivitet det er i området der hauken alt har valt å opphalde seg. Viktigaste vurderingstema vil vere om lokaliteten framleis kan følast trygg, og trygg i form av tilvant aktivitet. Tilpassing i form av minst mogleg hogst og tidspunkt for byggeperioden er andre tilpassingar som kommunen må vurdere.

Kjell Lode  
Plansjef